# Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 1 6.. årgang Laussal: Gratis Januar 1999


# Lang og tru teneste

**Helge Oppedal (t.v.) og Terje Våge vart under nyttårsfesten i Turnhallen 2. januar, heidra for lang og tru teneste i Torskangerpoll Musikklag.**



Helge Oppedal starta i Torskangerpoll Musikklag våren 1958. Han har vore ein fast støttespelar i korpset og spelt fleire instrument. Han fekk Torskangerpoll Musikklag sin 40-års-medalje. Terje Våge starta i korpset våren 1968, og fekk under festen korpset sin 30-års-medalje. Formann Johan Einar Wåge intervjua dei to, og gav dei medalje og diplom, pluss blomar til deira koner. Formannen trekte fram ein morosam episode der Terje under ein korpstur oppe på Strynefjellet ei natt køyrde frå Helge etter ei pause. Det var mørkt og kaldt, og det gjekk fleire kilometer før dei i bussen oppdaga at Helge, som gjekk i berre skjorta, mangla. Bussen snudde, og Helge var gla han slapp å gå til Mandal.


**Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872**

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: http://www.notam.uio.no/~idart/tm.htm

## Nattleg demonstrasjon

Av: Ane Løvseth

Fleire kveldar på rad no, har det blitt observert eit interessant tilfelle av «kyr-som-går-rundt- midt-på-natta» syndrom her i Vestre Krets. Vi i VG har foretatt ei distré granskning av saka, og har no gleda av å opplyse om at kvar kveld går det ei kyr rundt i bygda med lommelykt og eit plastnett med kongler oppi. Då vi opprørt tok problemet opp ned kyra, fortalde hon oss i all fortrulegheit at hon demonstrerte for likestilling og gjødsel. Hon la óg til at hon er steinbukk, og vil frå neste mandag gå i dvale. Jadå.

## Attefåkjen austlending

Av: Ane Løvseth

No i sommar var det mange som kom hit til den kjære øya vår. Ein av dei var ein litt eksentrisk austlending som kom  til å gå seg vekk oppå fjellet. Då leitemannskapet endeleg fann han, dansa han opprømt rundt Truskavatnet, medan han ropa at «jeg vil kjøpe dette vannet» omatt og omatt. Han fekk i staden eit beroligande glas med saft, og vart seinare buddhist. Han har aldri blitt sett igjen her på desse traktene. Angada.

### Bokaktuell

Ane Løvseth og Lina Wåge er aktuelle med bok. Dei to fortel til Vredens Gnag at det er snakk om ein intrigefyllt kortroman. Det handlar om kjærleiksforviklingar, under tittelen «Heseblæsende netter i Texas». Romanen kjem ut på eige forlag, og skal i følge dei to forfattarane, bli spennande lesning. Romanen kjem ut i løpet av vinteren.

### Til rette

Ei slipsnål som vart funnen under festen i Turnhallen, er kommen til rette.

# Kvifor kan ikkje eg....

- Hvorfor kan ikke jeg si tettsted, når Flisa kommune?
– Hvorfor kan ikke jeg be, når Billeba?
– Hvorfor kan ikke jeg rive og rekke, når Jydske rev og Skagerakk?
– Hvorfor kan ikke jeg pese, når peispuster?
– Hvorfor kan ikke jeg bære, når Escobar?
– Hvorfor kan ikke jeg omkomme, når ytterdør?
– Hvorfor kan ikke jeg danse, når Can Can?
- Hvorfor kan ikke jeg lyge, når Oddlaug?
- Kvifor kan ikkje eg få pils, når ingefærøl?
- Hvorfor kan ikke jeg være, når Ivar?
- Hvorfor kan ikke jeg fly, når venstre fløy?
- Hvorfor kan ikke jeg fise, når angelface?
- Hvorfor kan ikke jeg ligge, når dialog?
- Hvorfor kan ikke jeg synge, når julepresang?
- Hvorfor kan ikke jeg gi Trine, når aligator?
- Hvorfor kan ikke jeg skinne, når analyser?

## Linjemann

Det skjedde ikkje så mykje i bygda bortsett frå 2-3 fotballkampar om sommarane. Det skulle vere ei rettsak og det kom ein dommar og nokre advokatar. Kvelden før på ein kafe spør ein innbyggar dommaren om kva han gjer der.

- Eg er dommer, svara han.

- Å du då, sa han vendt mot den andre. E´du linjemann.

### Skriv inn

Vil du sende ei helsing, spørje om noko, eller meine noko, skriv til Vredens Gnag.

# Månedens portrett: Tove Nerland

**Navn : Tove Nerland**
**Født : 10/2 1965**
**Bosted : Vågsvåg**
**Sivilstatus: Gift, to gutter**
**Yrke : Tannpleier**
**Favorittmat : Kjøttkaker**
**Hobby : Musikk, handarbeid, hagearbeid**

*Av: Ivar Torskangerpoll*

Tove startet å spille i Skram skoles musikkorps i 1975 og spilte da althorn. Senere gikk over til Måløy Musikklag og spilte da waldhorn. Hun spilte for øvrig en stund i begge korpsene. Tove har også spilt i Nordfjord Ungdomskorps i 3-4 år. Sluttet sommeren 1984 i Måløy Musikklag. Hun og hennes mann kjøpte seg hus i Vågsvåg i 1995, og Tove begynte etter et langt fravær fra musikken, i T. M. I 1996. På althorn. Hun var ( og er ) et aktivt menneske på mange områder. Var aktiv turner i MIL i 7-8 år, sluttet som 17-18-åring. Tove var og med i speideren i mangfoldige år. Til daglig er hun å finne på sitt kontor i Måløy, der hun holder orden på tennene til folk. Det er ikke få tonn med tannstein hun har fjernet. Tove har opplevd litt av hvert i livet sitt. På en tur 2-3 mil øst for Puskenstolene på Sunnmøre i 1990, ble hun tatt i en reve - saks, hvoretter hun knurret stygt og grov seg ned i snøen. Han var innblandet i et lite biluhell, uhellet skyldtes at veien svingte. Tove tutet alt hun var god for, men bilhornet virket ikke fordi det var stjålet. Hun er litt overtroisk, og tror at det betyr ulykke å krype ender en grevling - hund. Ikke liker hun tallet 13 heller, og er helt sikker på at det betyr ulykke å bli overkjørt av 13 dampveivalser på en gang, Nylig hadde hun en drøm/mareritt der hun var i Stockholm for å ta i mot Nobel – prisen. Men da hun kom hjem, og skulle vise den til mannen sin var det ikke Nobel – prisen ! Det var t partoutkort, til den underjordiske på Holbergs plads. Tove fikk etter dronning Elisabeth`s besøk i Oslo bihule – betennelse og øresus, og noe senere minnemedaljen for musikkretsens stevne i 1981. Tove er en tankefull person, og er blant annet overbevisst om at kuer kan få hundegalskap. Hun er o sikker på at dyrlegen kan helbrede alle slags saue – sykdommer, på mennesker også. Hun er som tidligere nevnt glad i hagearbeid og er en stolt eier av en Clematis. Tove er en usedvanlig hyggelig dame med godt humør og med en fin måte å være på. Det var virkelig kjekt å få henne med i korpset.



## Halvårsplan vinter-vår -99

| Arrangement | Dato | Måned | Ansvarleg |
|---|---|---|---|
| Øvingsstart | 4. | januar | Styret |
| NM | 19. | Januar | Johan |
| W.Årsmøte | 2. | mars | Styret |
| Påskelotteri | 9. | mars | Johan W |
| Arne Torskangerpoll-konsert | 24. | april | Styret |
| Gatespeling Måløy - kakelotteri | 15. | mai | Styret |
| 17. mai | 17. | mai | Styret |
| Korpstur | 29. 30. | mai | Styret |
| Hagekonsert | 11. | juni | Styret |
| Jonsokafta | 23. | juni | Styret |

## Fullt hus og stor jubel

Det var fullt hus og stor stemning på nyttårsfesten i Turnhallen 2. januar. 120 feststemte personar var med å lage stor stemning. Nydeleg mat, flott underhaldning og flott dansemusikk av «Cates» frå Stryn gjorde at dei som var der likte seg og sa at dette blir dei med på også neste år. Komiteen fekk mykje velfortent skryt for opplegget.

## Tromboneulukke

Ein kjent kvinneleg trombonist frå distriktet kom uskadd frå ei ulukke med trombona si nyleg. Midt under den kjente låten, «Labour and love» så hekta proppa på trekket på instrumentet seg opp i skoreima på skoen. Seansen førte til mykje latter, og burde vore filma. Kanskje eit tips til «Mr.Bean» sin neste sketsj. Trombonisten kom seg laus ved eiga hjelp, og utan skade.

**Du kan alltid stole på på Canon**

### Tipp og vinn

Kor mange barn har Tove Nerland?

Send svaret til:

***Vredens Gnag***

Vågsvåg
6700 MÅLØY

### Rett svar sist

Kva dato er kommande årsfest?

Svar:

**2. januar**

Vinnar:

Ingen klarte oppgåva denne gongen, og dermed blir det ikkje sendt ut pengelodd.